



Vekeplan for snille 6. trinn, veke 51

Hei, alle saman! 😊

Så er det siste skuleveke før juleferien. Det har vore litt sjukdom på trinnet, men no får vi håpe alle saman vil vere friske og raske den siste veka 😊

Det er ikkje lekser denne veka, men hugs å ta med det du skal til felles lunsj på basen. Hugs også forkle til juleverkstad på torsdag.

Måndag: Julegudsteneste i kyrkja kl 09-09.45. I engelsk blir det ulike Christmas-prega oppgåver.

Tysdag: Det er tid for Gurkemeisterskap på 4.-7. trinn. Kven vinn "Den gylne binders"?

Onsdag: etter lunsj skal vi ha "Julympiade" saman med 7. trinn. Ta med deg gymklede.

Torsdag: Juleverkstad heile dagen, saman med 4., 5. og 7.trinn. Denne dagen få elevane 1 hotdog på skulen (delt ut i midttime). Dersom du vil ha meir lunsj, må du ta det med sjølv. Kanskje det blir laga noko til å ha under juletreet den 24.? Send gjerne med litt julepapir til innpakking av gåver. På ein av stasjonane skal vi lage peparkake, så ta med forkle.Vi slutter 13.15 den dagen.

Fredag: Siste skuledag. Vi skal ha samling og juletregong i gymsalen for heile skulen kl 09-10. Etter det blir det felles lunsj på basen. Hugs å ta med deg fat og kopp, samt det som står på lista. Skulen ordner brød.

Hugs : - Alle må rydde garderoben. Hugs pose til å ta med klede og innesko. Hugs gymklede til Julympiaden.
- Fyrste skuledag etter ferien er måndag 5. januar kl 08.30.

Ha ei god helg, og ei fin veke! Helsing Tone 😊

Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
8.30	8.30-8.45 Lesekvart	8.30-8.45 Lesekvart	8.30-8.45 Lesekvart	8.30-09.00 Lesekvart + adventsamling	8.30-8.45 Lesekvart
	09-09.45 Julegudsteneste i kyrkja	8.45 Matematikk Matematikk.org sin julekalendar	8.45 Kunst & handverk	09.00- 09.50 Julevekstad Peparkake Spikerbilete Leire/ljoslykt	9.00-10.00 Fellessamling + juletregong
9.30-9.45	Friminutt	FYFO	Friminutt	09.50-10.10 Friminutt	
9.45-10.40	Engelsk Christmas	Forteljarstolen 	Kunst & handverk	10.10-11.00 Juleverkstad 	10-11.45 Julelunsj på basen, sjå eige skriv om kva ditt born skal ha med.
10.40-11.00	Mat og midttme	Mat og midttme	Mat og midttme	11-12 Mat og midttme	God jul og godt, nytt år alle saman! 😊
11.30	Vi gjer noko kjekt i klasserommet	11.30-13.15 Gurkemeisterskap 4.-7.trinn Kven vinn den gylne binders, tru?	11.30-13.15 Julympiade med 7. trinn Mange ulike samarbeidsaktivitetar i gymsalen	12-13.00 Juleverkstad Ta med forkle om du har. 13.00-13.15 Rydde	
12.30					
	Slutt kl 13.15	Slutt kl 13.15	Slutt kl 13.15	Slutt kl 13.15	Slutt kl 11.45

Hugs

Ta med:

- Pose til rydding av garderoben (klede og innesko).
- Gymklede til Julympidaen onsdag.
- Forklede til juleverkstad torsdag. Ta gjerne med innpakkingspapir til eventuelle julegåver.
- Ta med det du skal til julelunsjen fredag. Sjå vedlagt liste.



**Ha ei fin veke og ein fantastisk fin juleferie,
alle saman!!**

